

ÅRSMØTE I V.I.L

Tid: 23.04.2012 kl 19.00-kl 22.00

Stad: Klubbhuset på Omenås

Desse møtte: Einar Hoel, Inge Sunde, Torkjell Bjørstad, Karianne Vestre Døving, Ellisiv Jarvik Valdal, Magne Hoel, Anders Rem, Viktor Valdal, Aksel Indreeide, Magne Eivind Glomnes, Hillevi Hovden, Kristi Linge Stakkestad, Aud Lindis Ødegård og Liv Marit Indreeide.

Sak 1: Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereclar.

Vedtak: Godkjent.

Sak 2: Konstituering. Val av møteleiar, skrivar og 2 personar til å skrive under møteboka.

Vedtak: Einar Hoel blei vald som møteleiar, Karianne Vestre Døving som skrivar og Inge Sunde og Kristi Linge Stakkestad skal skrive under møteboka.

Sak 3: Godkjenning av årsmeldinga for 2011

Einar Hoel går gjennom for hovudlaget og orienterar. Gruppene går igjennom sine årsmeldingar.

Vedtak: Idrettslaget si årsmelding for 2011 er godkjent.

Sak 4: Godkjenning av rekneskap for 2011

Hovudlaget har eit positivt resultat på 114.347 kr

- Resultat: 181.159 kr
- Eigenkapital: 1.628.273 kr

Fotballgruppa har eit positivt resultat på 60.757 kr

Friidrett: balanse

Langrenn har eit positivt resultat på 51.740 kr

Trimgruppa har eit positivt resultat på 4.458 kr

Padlegruppa: 30 kr

Kommentar: Det blir stilt spørsmål om kontering av bilag for å gi eit rett bilete av rekneskapet. Det er viktig at det kjem fram kva som er kva. Det er til dømes ein stor post som heiter diverse.

Vedtak: Framlagt rekneskap for hovudlaget og gruppene (2011) blir godkjent. Resultatet blei justert frå 231.159 kr til 181.159 kr grunna feil resultat i langrennsgruppa sitt rekneskap. Forslaget blei fremja av Aud Lindis Ødegård.

Sak 5: Godkjenning av budsjett for 2012

Hovudlaget: Må justere diverse utgifter for gruppene grunna olsok. Ikkje store fellesutgifter. Budsjett 2012: 75. 000 kr (netto). Felles netto: 28.000 kr. Det er ei nedjustering frå 2011. Målet må vere å arbeide for å kome i balanse.

Fotball: Omtrent på same nivå som i 2011. Netto: 3.000 kr.

Friidrett: Ganske stor endring grunna jordbærdilten går inn i hovudlaget.

Langrenn: Har ikkje inntektene frå olsok lenger. Netto: 0. Brukar omtrent same budsjett som i fjor.

Trim: Brukar omtrent same budsjett som i fjor.

Vedtak: Framlagt budsjett for 2012 blir vedteke slik som det er stilt opp.

Sak 6: Arbeidsplan 2012- Hovudlaget

”Vi kan, vi V.I.L”

Målsetjing: Vi skal utifrå tilgjengelege ressursar arbeide for å leggje tilrette for at alle skal kunne utøve fysiske aktivitet med bakgrunn i den enkelte sine ønskjer og behov.

Desse områda skal vektleggjast: organisasjon, anlegg/utstyr, økonomi, informasjon og rekruttering.

Hovudmål fotball: Få i gang Valldalscupen igjen.

Hovudmål friidrett: Skape større interesse og deltaking i friidrett.

Hovudmål langrenn: Skape skiglede og leggje til rette for utøving av langrennsporten for personar i alle aldrar og på alle nivå.

Hovudmål trim: Har ikkje laga arbeidsplan, men eit årshjul over dei aktivitetane som skal vere.

Vedtak: Arbeidsplanen for 2012 blir godkjent. Den skal vere retningsgivande for idrettsarbeidet i 2012.

Sak 7: Lov for Valldal Idrettslag

Det er snakk om ei justering av den eksisterande lova. Prinsippa er stort sett dei same som i den gamle lova.

- Medlemskap i laget er regulert i lova
- Kjønnskvotering i hovudstyret
- Inhabilitet
- Refusjon av diverse
- Økonomi
- Årsmøtet
- Oppløysning av laget

Flytting av årsmøtet frå april til februar blir den mest merkbare endringa.

Vedtak: Framlagt forslag til lov for V.I.L blir godkjent og gjeld frå d.d (23.04.2012).

Sak 8: Laget si organisering

Idrettslaget må ha grupper og gruppestyre. Det er dei som står for aktiviteten. Styret vil ikkje gå inn for å endre organiseringa av laget.

- Det blir hovudstyret + 4 grupper (5 med padlegruppa).
- Styret: 5 medlemmar + 4 leiarar frå gruppene.

Vedtak: Organisasjonsplanen for 2012 blir godkjent.

Sak 9: Fastsette kontingent for 2013

Vedtak: Kontingentane blir uendra for 2013. Støttemedlemskap går ut/vekk frå giro.

Sak 10: Rehabilitering av delar av klubbhuset

- Lage nytt og større kjøkken
- Overbygg over dør på oppsida av huset
- Nye fliser i gang, kjøkken, kontor og kiosk
- Ny sikringsskåp
- Universell utforming må på plass
- Lyddempingstiltak i salen
- Lage tilkomst til loftet på garasjen der trakkemaskina står (styret får fullmakt til å ta det med)

Pris: 690.000 kr

Vedtak: Klubbhuset skal rehabiliterast slik som det er foreslått av nemnda i løpet av 2012. Styret får fullmakt til å ta med i rehabiliteringsplanen tilkomst til loft på garasjen også.

Sak 11: Kunstgrasbane

Det er desse punkta vi skal ta stilling til:

- Arbeide vidare for å få til kunstgrasbane?
- Kvar skal i så fall bana vere?

Styret i V.I.L har eit positivt syn på desse punkta, og årsmøtet støttar seg bak det. Idrettslaget skal arbeide vidare for å få til kunstgrasbane, og lokaliseringa blir på Omenås på grasbana. Ein ønskjer at kunstgrasbana og friidrettsbane skal samlast.

Vedtak: Styret går inn for å få til kunstgrasbane. Det skal lagast ein plan og det må sendast inn ein søknad. Ein vil opprette ei nemnd som startar planlegginga av kunstgrasbana. Det skal leggjast fram for ekstraordinært årsmøte.

Sak 12: Val

- A) Leiar 1 år: Einar Hoel
- B) Styremedlem for 2 år: Yvonne Dale
- C) Val av 2 varamedlemmar for 1 år: Torkjell Bjørstad og Trond Håvoll
- D) Val av 2 revisorar for 1 år: Aksel Døving og Kåre Erstad
- E) Val av 1 medlem til valnemnd for 3 år: Olav Løvoll
- F) 1 medlem til marknadskomite for 3 år: Monica Hovden Larsen
- G) Godkjenning av val av gruppestyrer: ok
- H) Representantar til Idrettsrådet (Årsmøte) 2 medlemmar: (Yvonne Dale) + Einar Hoel og Ellisiv V. Jarvik
- I) Styre for Valldal Samfunnshus: Anders Rem

Vedtak: Valet er vedteke og godkjent.

Inge Sunde

Kristi Linge Stakkestad

